



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa for barnehage

VURDERINGSRAPPORT

EITRHEIMSVÅGEN BARNEHAGE



Eitrheimsvågen barnehage
Styrar Asle N Lægroid
Telefon 53 65 42 25
e-post: asle.n.l@odda.kommune.no

Vurdering 09.03.09 – 12.03.09



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarende vurderingsprogram for barnehagar, vert det sett i gang eit prosjekt med utarbeiding av vurderingsverktøy for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehagen Kap. 4.3 Vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen."

Vidare: "Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon".

Skule- og barnehage ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn.

Kven er vurderar?

Vurderingsgruppa er under oppbygging og er samansett av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurdere dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6 år.

Ingen vurderer barnehagar i eigen kommune.

Progresjon i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til.
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Barnehagen sender resultata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell til vurderarane
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar barnehagen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av barnehagen, men vera eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet barnehagen årleg arbeider med.



2 – Fakta om barnehagen

Eitheimsvågen barnehage er lokalisert i eit bustad område i Eitheimsvågen i Odda i Hordaland fylke. Barnehagen består av to bygg, begge på eit plan, og to leikeplassar skild med eit gjerde. Avstanden mellom bygga er ca. 30 meter. Dei to før skilde barnehagane, vart slått saman under ei leing i 1997.

Barnehagen har totalt 6 avdelingar, 3 for born frå 0-3 år, og 3 for born frå 3-6 år. Avdelingane Knerten og Tiriltoppen er lokalisert i det eine bygget. I det andre finn me avdelingane Plomme, Eple, Pære og Morell. Barnehagen gjev tilbod til i alt 96 born. Alle plassane er nytta. 84 born nyttar heiltidsplass og 12 deltidsplass. To av 0-3-års avdelingane har 9 born pr avdeling, ein har 12. 3-6 års avdelingane har 19 born kvar. Barnehagen har 9 born med norsk som andrespråk og 2 born med enkeltvedtak.

Barnehagen har 21,7 årsverk fordelt på 26 tilsette. Styrarressursen er 1,5 stilling. Alle 8 i leiarstillingar har førskulelærarutdanning. Dei andre i personalgruppa er fagarbeidarar og assistentar.

Barnehagen har ikkje eige satsingsområdet, men alle avdelingane har laga "verksemdsplanar" for heile året, planlagd utifrå dei 7 fagområda i rammeplanen. Kommunen har felles prosjekt for alle barnehagar og skular i kommunen som heiter "Lese for livet".

Barnehagen nyttar registreringsverktøyet "TRAS", "Askeladden", "Alle med" og "Adferdsproblem – handlingsplan".

Barnehagen samarbeider med skulen i overgangen mellom barnehage og skule.

Avdelingane er godt utstyrt, men deler av bygg og inventar ber preg av at bygningane er nokre år gamle. Uteområdet er relativt flatt, men med ein liten bakketopp og godt utstyrt med leikeapparat. Leikeplassen er delt i to med eit gjerde. Det er lett tilgang til eit lite skogsområde og fotballplass.





3 – Vurderingstema

Eitrheimsvågen Barnehage har bede om vurdering på følgjande tema:

Vaksenrolla med vekt på leik ute.

4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, rammeplan for barnehagen 2006, lokale planar og barnehagen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av barnehagen.



Bakgrunnen for omgrepet: Tidlegare var det vanleg å samle på glansbilete.

Englane med glitter på vingane, var de spesielt vakre. Ingen veit eksakt korleis englar ser ut, men ein kunne vel ynskje at dei såg ut som på gamle glansbilete!



Glansbilete

Tema: Vaksenrolla med vekt på leik ute

Kriterium	Teikn på god praksis
Barnehagen er ein lærande organisasjon (Rammeplanen s.26)	<ul style="list-style-type: none">❖ Personalet har god kjennskap til rammeplanen❖ Barnehagen har eit felles hovudmål som personalet kjenner til.❖ Det er sett av tid slik at personalet saman kan reflektera og drøfta barnehagen sitt syn på læring❖ Det er sett av tid til jamleg refleksjon og drøfting av eigen praksis❖ Leiarane er ansvarlege for prioriteringar, planar og vedtak, og fylgjer dei opp❖ Leiarane gjev fagleg støtte og rettleiing til personalet❖ Barnehagen nyttar dei tilsette sin kompetanse
Barnehagen er ein felles organisasjon (Årsplan, Hovedmål, s.2)	<ul style="list-style-type: none">❖ Heile personalgruppa er med å utforma årsplan❖ Dei ulike avdelingane fylgjer felles planar og målsetjingar❖ Personalet hjelper kvarandre på tvers av avd. og hus❖ Felles aktivitetar på tvers av avdelingar og hus vert planlagt og gjennomført❖ Pedagogisk leiarar har felles møte❖ Personalet har felles møte❖ Personalet er fleksible i høve til planar
Barnehagen skal gje borna høve til leik, livsutfalding og meningsfylde opplevingar og aktivitetar i trygge og samstundes utfordrande omgjevnadar. (Rammeplanen s. 16 og 25)	<ul style="list-style-type: none">❖ Uteleikeklassen gjev høve til variert leik❖ Borna er ute kvar dag❖ Det er avsett tid til leik❖ Vaksne syner interesse og er engasjerte i borna sin leik❖ Det einskilde barn får dekkja individuelle behov❖ Dei vaksne gjev støtte og hjelp til barn som ikkje deltek i leik❖ Personalet fordelar seg på uteområdet der borna er❖ Personalet har felles forståing for reglar i utetida❖ Det vert teke individuelle omsyn innanfor reglane❖ Personalet nyttar aktivt dei 7 fagområda i utetida
Det daglege samspelet i barnehagen er ei av dei viktigaste føresetnadane for born si utvikling og læring. (Årsplan, del 4, s.5)	<ul style="list-style-type: none">❖ Borna vert møtt av dei vaksne på ein positiv måte når dei kjem i barnehagen❖ Borna får ein god avskjed når dagen er slutt❖ Borna vert sett og høyr❖ Glede og humor pregar kvardagen❖ Born og vaksne har fysisk nærleik❖ Born syner glede ved å vera i barnehagen
Barnehagen skal gje borna høve til utvikling og aktivitet i nær forståing og samarbeid med borna sin heim. (Lov om barnehagar § 1)	<ul style="list-style-type: none">❖ Føresette deltek aktivt i planlegging og vurdering av det pedagogiske innhaldet❖ Føresette får gje ris og ros i barnehagekvardagen❖ Føresette meiner at uteområdet gjev høve til variert leik❖ Føresette meiner at dei vaksne engasjerar seg i leiken❖ Føresette meiner at borna trives når dei er ute



5 – Deltakarar i vurderinga

- **Interne:** Styrar Asle N Læg Reid
Assisterande styrar:
4 av dei pedagogiske leiarane
4 assistentar/fagarbeidarar
Foreldremøte med 13 frammøtte
8 born
- **Eksterne:** Torunn Pedersen Polden, styrar i Modnen barnehage, Eidfjord
Turid Mykkeltvedt, frå Voss , Rådgjevar i Utdanningsdirektoratet
Hospitant: Anne-Line Mæland, styrar i Tueteigen barnehage, Granvin
Björg E Haukeland, pedagogisk leiar i Ulvik barnehage, Ulvik

Grunngjeving for val av informantar:

Dei vaksne sin rolle i leiken er så viktig at me har vald å snakka med alle involverte partar i barnehagekvardagen, det vil sei born, foreldre, pedagogisk personale, fagarbeidarar, assistentar, styrarassistent og styrar.

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein barnehage. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter barnehagen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet i barnehagen i inntil 3 dagar. Barnehagen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Styrar vert oppdatert om arbeidet heile vegen.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.





TIDSPLAN for vurdering av Eitrheimsvågen barnehage, Odda

Dato/veke	Tid	Aktivitet	Ansvar
08.12.08		Vurderingsgruppa vert etablert	
Veke 5 -09		- Barnehagen gjennomfører ståstadsanalysen - Styrar sender over analysen og vurderingstema	Asle
02.02		- Laga glansbilete	vurderarane
09.02		- Samtale med styrar på telefon - Ferdigstilla glansbilete - Tidsskjema - Bestilla hotellrom	Vurderarane Torunn Torunn
Veke 7		- Godkjenna glansbilete - Gje tilbakemelding til vurderarane	Barnehagen Asle
Veke 9		- Laga intervjuguide - Laga innkalling foreldremøte - Senda ut innkalling foreldremøte	Vurderarane vurderarane Asle
Veke 9		- Gjera ferdig intervjuguidar	vurderarane
Vurderingsveke: 11			
08.03.09		- ferje frå Bruravik kl 17.50 - møtes der og køyrer i lag - møtes på hotellet kl 19.30 - finpussar planane for veka, arbeidsfordeling	
09.03.09	kl 8.30 kl 12.30 kl 13.30 kl 14.00 kl 19.30	- møte med styrar i barnehagen - introduksjon til personalet - observasjon - barneintervju (1 grupper 4 born ca 30 min) - barneintervju (1 grupper 4 born ca 30 min) - møte med styrar - møte med foreldre	- Styrar vel born til gruppene - Turid
10.03.09	kl 8.00 kl 10.00 kl 14.00	- observasjon - intervju pedagogiske leiarar (alle) - observasjon - intervju med styrar	- Ein vurderar pr avd.
11.03.09	Kl 10.00 Kl 11.00 Kl 12.30 Kl 14.00	- intervju med assisterande styrar - observasjon - intervju fagarb/ass avd. 0-3 år - intervju fagarb/ass avd. 3-6 år - møte med assisterande styrar	- styrar vel ut 3 - styrar vel ut 3
12.03.09	Kl 14.00 Kl 17.00	- Ferdigstilling rapport - Personal møte	- Turid og Torunn
Innan 30.09.09		- Rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen vil arbeida med utviklingsområda - Orienterer det politiske fagutvalet	Barnehagestyrar



7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta og intervju 5 åringar og eventuelt 4 åringar, eit utval av føresette i barnehagen og eit utval av personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Det kan også vera aktuelt å gjennomføra observasjonar blant barn og tilsette i barnehagen.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon. Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: Observasjon, intervju, samtale, påstandsskjema og dokumentanalyse.

Dokument- og resultatanalyse

På førehand, etter at barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sendte barnehagen relevante dokument til vurderarane. Til dømes arbeidsplanar; årsplan, verksemdsplan, fagplanar, halvtårsplan, månadsplan, vekeplanar, møteplan og kompetanseplan. Resultat av brukarundersøkingar blant barn, føresette og personalgruppa, medarbeidarundersøking. Målekort til Balansert Målstyring. Eitrheimsvågen barnehage har sendt årsplan, verksemdsplan og ein månadsplan.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i rammeplan for bhg - 06, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen.

Påstandsskjema

Vurderarane har denne gongen vald å ikkje nytta påstandsskjema. Barnehagen har gjennomført Ståstadsanalysen (digitalt verktøy utarbeidd av Utdanningsdirektoratet), og vurderarane har nytta resultatet av denne.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis førskulebarn, føresette, assistentar/fagarbeidarar og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. Vurderarane har kalla inn til foreldremøte som alle foreldre kunne melda seg på.

Møte med styrar

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no - situasjon og for vidare arbeid. Vurderarane har hatt møte med styrar kvar dag, slik han har følgd vurderinga tett.

Observasjon

Me observerte i kvardagssituasjonar inne og ute på alle avdelingane. Vurderingstemaet er vaksenrolla med vekt på leik ute, difor er dette mest vektlagt.



Glansbilete - vurdert

Tema: Vaksenrolla med vekt på leik ute

Kriterium	Teikn på god praksis
Barnehagen er ein lærande organisasjon (Rammeplanen s.26)	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Personalet har god kjennskap til rammeplanen ❖ Barnehagen har eit felles hovudmål som personalet kjenner til. ❖ Det er sett av tid slik at personalet saman kan reflektera og drøfta barnehagen sitt syn på læring ❖ Det er sett av tid til jamleg refleksjon og drøfting av eigen praksis ❖ Leiarane er ansvarlege for prioriteringar, planar og vedtak, og fylgjer dei opp ❖ Leiarane gjev fagleg støtte og rettleiing til personalet ❖ Barnehagen nyttar dei tilsette sin kompetanse
Barnehagen er ein felles organisasjon (Årsplan, Hovedmål, s.2)	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Heile personalgruppa er med å utforma årsplan ❖ Dei ulike avdelingane fylgjer felles planar og målsetjingar ❖ Personalet hjelper kvarandre på tvers av avd. og hus ❖ Felles aktivitetar på tvers av avdelingar og hus vert planlagt og gjennomført ❖ Felles aktivitetar på tvers av avdelingane og hus vert planlagt og gjennomført ❖ Pedagogisk leiarar har felles møte ❖ Personalet har felles møte ❖ Personalet er fleksible i høve til planar
Barnehagen skal gje borna høve til leik, livsutfalding og meiningsfylde opplevingar og aktivitetar i trygge og samstundes utfordrande omgjevnadar. (Rammeplanen s. 16 og 25)	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Utleikeklassen gjev høve til variert leik ❖ Borna er ute kvar dag ❖ Borna er ute kvar dag ❖ Det er avsett tid til leik ❖ Vaksne syner interesse og er engasjerte i borna sin leik ❖ Det einskilde barn får dekkja individuelle behov ❖ Dei vaksne gjev støtte og hjelp til barn som ikkje deltek i leik ❖ Personalet fordelar seg på uteområdet der borna er ❖ Personalet har felles forståing for reglar i utetida ❖ Det vert teke individuelle omsyn innanfor reglane ❖ Personalet nyttar aktivt dei sju fagområda i utetida
Det daglege samspelet i barnehagen er ei av dei viktigaste føresetnadane for born si utvikling og læring. (Årsplan, del 4, s.5)	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Borna vert møtt av dei vaksne på ein positiv måte når dei kjem i barnehagen ❖ Borna får ein god avskjed når dagen er slutt ❖ Borna vert sett og høyrte ❖ Glede og humor pregar kvardagen ❖ Born og vaksne har fysisk nærleik ❖ Born syner glede ved å vera i barnehagen
Barnehagen skal gje borna høve til utvikling og aktivitet i nær forståing og samarbeid med borna sin heim. (Lov om barnehagar § 1)	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Føresette deltek aktivt i planlegging og vurdering av det pedagogiske innhaldet ❖ Føresette får gje ris og ros i barnehagekvardagen ❖ Føresette meiner at uteområdet gjev høve til variert leik ❖ Føresette meiner at dei vaksne engasjerar seg i leiken ❖ Føresette meiner at borna trives når dei er ute



9 – Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Kriterium:

Barnehagen er ein lærande organisasjon

(Rammeplanen s.26)

Personalet har god kjennskap til rammeplanen

Både styrar og personalet sa at dei hadde god kjennskap til rammeplanen og at den vart aktivt brukt t.d. i høve til virksomhetsplanen og årsplanen. I tillegg vert han nytta som eit oppslagsverk for personalet.

Det er sett av tid slik at personalet saman kan reflektera og drøfta barnehagen sitt syn på læring. Det er sett av tid til jamleg refleksjon og drøfting av eigen praksis

Personalet nyttar avdelingsmøta, pedagogisk leiarmøte og personalmøte til jamleg refleksjon og drøfting. Blant anna deler dei erfaringar i høve det praktiske arbeidet, TRAS og enkeltbarn. Særskilt den seinare tida har dei vore bevisst på å nytte møta til dette, men synes dei skulle hatt enda meir tid.

Assistent/fagarbeidarane sa at å arbeida i grupper på personalmøta var positivt, fordi det då var lettare for alle å dela erfaringar. For enkelte er det lettare å snakka i mindre forsamlingar.

Leiarane er ansvarlege for prioriteringar, planar og vedtak, og fylgjer dei opp

Alle dei tilsette seier at planar og vedtak vert fylgd opp. Dei gav uttrykk for at virksomhetsplanen er eit godt arbeidsverktøy og at den gjer planleggingsarbeidet lettare. I høve til Odda kommune sin barnehageplan seier nokon at den inneheld for mykje "skal", noko som kan hindra fleksibiliteten i høve det pedagogiske arbeidet.

Kriterium:

Barnehagen er ein felles organisasjon

(Årsplan, Hovedmål, s.2)

Dei ulike avdelingane fylgjer felles planar og målsetjingar

Alle var einige i dette.

Felles aktivitetar på tvers av avdelingar og hus vert planlagt og gjennomført

I løpet av året er det ulike felles arrangement på tvers av husa. T.d. karneval, songstund, nissemarsj, 6- års klubben, turdag. Felles aktivitetar vert ofte delt inn i små og "store" barn. I tillegg samarbeidar to og to avdelingar der borna vert delt inn i grupper etter alder.

Vurderarane ser at born får gå mellom avdelingane også utanom organisert aktivitet.



Pedagogisk leiarar har felles møte

Fast møte 1 time pr. veke.

Personalet har felles møte

Fast møte 2 timar pr. månad.

Personalet er fleksible i høve til planar

Heile personalgruppa sa at fleksibilitet var viktig og naudsynt. Dei var ikkje fastlåst i planar. Pedagogiske leiarane sa at dei heller ikkje var styrt av pausar.

Kriterium:

Barnehagen skal gje borna høve til leik, livsutfalding og meningsfylde opplevingar og aktivitetar i trygge og samstundes utfordrande omgjevnadar.

(Rammeplanen s. 16 og 25)

Uteleikeplassen gjev høve til variert leik

Foreldre sa at uteområdet er brukbart. Positivt at borna får ta med egne sykklar.

Personalet sa at leikeområdet er bra. Dei fekk fleire nye leikeapparat for nokre år sidan.

Samstundes stilte dei spørsmål ved om det var nok utfordringar for dei største borna på barnehagen sitt leikeområde, men dei ser positivt på at dei har nærområde som kan nyttast til større utfordringar.

Borna sa at dei hadde mykje å leika med ute. Dei nemnde særskilt syklane som dei sjølve hadde med seg, tunnelen på baksida av barnehagen og å spela fotball. I tillegg syntes dei det var kjekt å snekra og saga, og å byggja hus i sandkassen.

Vurderarane opplevde at borna nytta heile uteleikeplassen til leik. Dei store, gode sandkassene var mykje i bruk. Me såg at tunnelen og leikehuset i eine enden av barnehagen var mykje i bruk.

Me observerte òg at dei eldste borna mykje nytta sine egne sykklar.

Borna er ute kvar dag

Borna sa at dei som oftast var ute kvar dag, men at det òg hende at dei var inne og berre kosa seg.

Både styrar og personalet sa at dei fleste borna er ute kvar dag. Dersom dei ikkje er ute er det ein god grunn for det; t.d. soving og veldig dårleg ver.

Nokon foreldre sa òg at borna var mykje ute.

Vurderarane opplevde at alle avdelingane var ute kvar dag i observasjonsperioden.



Det er avsett tid til leik

Pedagogiske leiarane og styrar sa at det er avsett mykje tid til leik. Pedagogiske leiarane kommenterte at det er meir tid til leik dette året, i motsetnad til førre året då dei var meir styrt av planar og "skal". (Odda kommune sin barnehageplan).
Vurderarane såg at borna leikte mykje, og at dagsrytmen la vekt på leik både ute og inne.

Det einskilde barn får dekkja individuelle behov

Både foreldre, personalet og styrar sa at dei var gode på å sjå kvart enkelt barn sitt individuelle behov. T.d. ved primærbehov.
Vurderarane såg mange tilfeller der dei vaksne synte omsorg ved blant anna at borna fekk hjelp og trøyst når dei hadde behov for det.

Dei vaksne gjev støtte og hjelp til barn som ikkje deltek i leik

Personalet sa at dei gjev støtte og er observante i høve til barn som ikkje deltek i leik.
Dei arbeidar bevisst i høve born som ikkje deltek i leik.

Det vert teke individuelle omsyn innanfor reglane

Personalet gav uttrykk for at dei tek individuelle omsyn. Dei pedagogiske leiarane sa at dei nett har snakka om det på pedagogisk leiarmøte. Dei sa at ein må bruka skjønn.

Kriterium:

Det daglege samspelet i barnehagen er ei av dei viktigaste føresetnadane for born si utvikling og læring.

(Årsplan, del 4, s.5)

Borna vert sett og høyr

Alle dei vaksne i barnehagen sa at alle borna vart sett og høyr. Av og til skulle dei ynskje at dei hadde fleire hender, og at dei hadde dårleg samvit dersom dei ikkje hadde hatt kontakt med eit barn i løpet av dagen.

Borna sa at dei vaksne høyrer og passar på dei, og gjev trøyst når dei treng det.

Glede og humor pregar kvardagen

Personalet og borna gav uttrykk for at det var mykje humor og glede i barnehagen. Personalet kommenterte at dei ler mykje og at dei har det kjekt på arbeid. Borna sa at dei vaksne tulla og tøysa med dei og lagde grimasar.

Vurderarane opplevde at det var god atmosfære og lett tone mellom personalet, og mellom personalet og borna.



Elles:

- Barnehagen har ei roleg og god atmosfære.
- Borna leikar variert og fordeler seg naturleg i leikegrupper både ute og inne.
- Vurderarane ser få konflikhtar både mellom borna og mellom born og vaksne.
- Inne er dei vaksne godt fordelt i romma og deltek i borna sine aktivitetar.
- Dei er også fysisk på borna sitt nivå.
- Vurderarane ser god kommunikasjon og god blikkontakt.
- Vurderarane har sett at grupper ved fleire høve har nytta nærområdet.
- Avdelingane er godt og variert utstyrt.
- Borna får nytta medråderetten sin i val av leikemateriell, formingsaktivitetar og kor lenge dei vil halda på.
- Borna sine formingsprodukt er teke vare på og fint presentert i avdelingane.
- Ulike prosjekt som borna har arbeida med syner att i avdelingane.
- Tal og bokstavar er godt synleg i alle avdelingar slik at borna møter symbola i skriftspråket.
- Ordbilete kombinert med bilete er mykje brukt.





10 – Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Kriterium:

Barnehagen er ein felles organisasjon

(Årsplan, Hovedmål, s.2)

Felles aktivitetar på tvers av avdelingane og husa vert planlagt og gjennomført

Foreldra seier at det er eit klårt skilje mellom avdelingane og dei to husa, i høve til haldningar, aktivitetar og foreldrekontakt. Dei seier og at aktivitetar som går føre seg på eine sida av gjerdet ikkje nødvendigvis også er tilgjengeleg for borna på andre sida av gjerdet. Foreldra seier at dei ynskjer ei meir felles haldning. Foreldra har eit sterkt og felles ynskje om at gjerdet som deler leikeplassen skal vekk. Dei syner og til tidlegare vedtak i Samarbeidsutvalet i barnehagen. Barnehagen har vore ei eining sidan 1998 og har, under ulike styrarar arbeidd med å framstå som ein barnehage. Opningstida i dei to husa har vore, og er ulik, dette ut frå brukar - ønskje (brukarundersøkingar).

Mellom dei tilsette er meiningane delt om å behalda gjerdet eller ta det bort. Hovudargumentet for å behalda gjerdet er at dei har betre oversikt over barna på slutten av dagen, når det er få på vakt. Før klokka 14.00 er gjerdet mellom husa opna med to opne portar. Dei eksterne vurderarane observerte likevel at det var svært få born som "kryssa grena".

For oss virkar gjerdet som eit fysisk hinder som gjer det vanskeleg for barnehagen å framstå som ein organisasjon. Styrar og personalet hevdar dei har jobba mykje med dette og er komne eit godt stykke på veg, men dette har ikkje nådd fram til brukarane.

For å framstå som ein organisasjon må barnehagen gjera nokre grep:

- ta vekk gjerdet - og
- ha same opningstider i begge husa
- samla småbarnsavdelingane i eit av husa (påbygg er då nødvendig)
- byggja eit felles inngangsparti for begge husa

Kriterium:

Barnehagen skal gje borna høve til leik, livsutfalding og meningsfylde opplevingar og aktivitetar i trygge og samstundes utfordrande omgjevnadar.

(Rammeplanen s. 16 og 25)

Borna er ute kvar dag

Foreldra seier at ikkje alle born er ute kvar dag. Dei seier at borna på eine 0-3års avdelinga berre er ute ein dag for veka.

Mange born er i barnehagen heile dagen, og har lite høve til å vera ute etter at dei er henta. Difor er det viktig at barnehagen gjev alle høve til å vera ute. Skal ein gje barna det tilbodet Rammeplanen legg opp til med livsutfalding og opplevingar må borna få vera ute ein del av tida dei er i barnehagen.

Det står og i barnehagen sin årsplan at alle born skal vera ute kvar dag.



Borna seier at det er kjedeleg ute og at dei vert plaga av vinden.

Barnehagen er godt utstyrt med varierte leikeapparat. Likevel uttrykkjer dei største borna at det er kjedeleg å vera ute, med betre no når dei får lov til å ha med seg sykklar og bruke desse.

Barnehagen må ta opp korleis dei kan gje dei største borna utfordringar og meningsfylte opplevingar i utetida.

Vaksne syner interesse og er engasjerte i borna sin leik

Rammeplanen 2.2

Barnehagen skal legge fysisk og organisatorisk til rette for variert lek. Barnehagens innhold bør inspirere til fantasi, skaperglede og livsutfoldelse. Personalet må være tilgjengelige for barn ved å støtte, inspirere og oppmuntre barna i deres lek.

Borna seier at dei vaksne ikkje leikar med dei ute. Dei går fram og tilbake, passar på og tel om alle borna er der. Dei seier at dei må opna døra og ropa på dei vaksne når dei treng hjelp. Personalet seier og at dei har eit forbettringspotensiale her, men at dei ofte er så få ute at dei ikkje har høve til å vera lenge på ein plass for å leika med barna fordi dei må vandra slik at dei kan sjå flest råd er.

Vurderarane såg mykje fri leik, der borna valde seg aktivitetar på ulike område av leikeplassen.

Me ønskjer at personalet drøftar si rolle i borna sin leik i utetida, korleis dei kan oppmuntra borna til å verta meir kreative, planleggja leikar ute og å læra borna nye og gamle leikar.

Personalet fordeler seg på uteområdet der borna er

Vurderarane ser at personale periodevis samlar seg framom huset. Området ved tunnelen kan vera utan tilsyn i lange periodar, 30-45 min. sjølv om det oppheld seg born der. Det er i relativt lange periodar lite vaksne ute; 3 vaksne med 60 born i opptil 30 minuttar.

Det at det i periodar er svært få vaksne ute kjem nok av organiseringa av barnehagedagen (avvikling av pausar, rydding, setja arbeid i permar mm.)

Barnehagen må ta opp og drøfta organiseringa slik at fleire kan vera ute, både for å auka barna sin tryggleik, men også for at vaksne ute kan syna meir interesse for barna sin leik og gjerne også engasjera seg meir i leiken.

Det er også heilt nødvendig at dei vaksne som er ute fordeler seg på uteområdet der barna er og er bevisst på dette området.

Personalet nyttar aktivt dei sju fagområda i utetida

Vurderarane kan ikkje sjå at personalet nyttar dei 7 fagområda aktivt i utetida.

Dei pedagogiske leiarane seier at dei ikkje nyttar fagområda medvite i utetida.

Rammeplanen legg veldig vekt på arbeidet med dei sju fagområda i barnehagen. Personalet må verta meir bevisst på korleis dei også i utetida kan jobba med fagområda, også gjennom leik med barna ute.



Kriterium:

Det daglege samspelet i barnehagen er ei av dei viktigaste føresetnadane for born si utvikling og læring.

(Årsplan, del 4, s.5)

Borna vert møtt av dei vaksne på ein positiv måte når dei kjem i barnehagen

Foreldra meiner at dette skjer i svært ulik grad, det er avhengig av kva avdeling barnet er på, og kva person som er på vakt når dei kjem om morgonen.

Vurderarane såg og fleire tilfelle der barn kom i barnehagen utan å verta sett eller ønskt velkommen. Dette må alle som arbeider i barnehagen på alle avdelingar ha større fokus på! Me såg og høyrde også nokre barn som grein når dei vart levert i barnehagen, og dei tilsette sa også at det var ein del "støy" når nye barn tok til i barnehagen.

I samtale med personalet og styrar kom det fram at barnehagen ikkje har faste rutinar for kor lenge føresette skal vera med barnet i barnehagen tilvenningsperioden, dette vert mykje opp til foreldra og avdeling.

Dette er ei svært viktig tid for barnet, og sjølv om barn er ulike, bør barnehagen ha faste rutinar for korleis denne perioden skal vera.

Det er og viktig at barnet møter same person i barnehagen desse dagane.

Det er mange kommunar som har skriftlege rutinar for dette. Dette må styrar ta tak i og laga ein plan for.

Borna får ein god avskjed når dagen er slutt

Foreldra meiner at dette skjer i svært ulik grad, det er avhengig av kva avdeling barnet er på, og kva person som er på vakt når dei hentar om ettermiddagen.

Personalet seier også, i alle fall på sommarstid, at hentinga skjer så fort at det ikkje vert tid til takk for i dag – praten.

Bringe – og hente – situasjonane er viktige møtepunkt mellom heim og barnehage, foreldra er svart tydelege på dette. Her kan dei koma med innspel til barnehagen, og få og gje informasjon.

Barnehagen må halda fokus på desse møtepunkta.





Kriterium:

Barnehagen skal gje borna høve til utvikling og aktivitet i nær forståing og samarbeid med borna sin heim.

(Lov om barnehagar § 1)

Føresette meiner at uteområdet gjev høve til variert leik

Foreldre meiner at leikeapparata gjev barna lite høve til å utvikla kreativitet i leiken. Meir aktiv bruk av skogen heilt nær barnehagen med bygging av hytter, svingtau, lavo, bålgruve mm. bør vurderast. Dei meiner og at dei kjøpte leikeapparata ikkje gjev dei største borna så store utfordringar.

Føresette meiner at dei vaksne engasjerar seg i leiken

Foreldre meiner også her at det er skilnad på dei to husa i barnehagen. Dei saknar at dei tilsette i barnehagen ser på alle barna som sine barn. Dei etterlyser meir organisert leik, nemner ”Sprettendagen”, men at aktivitetane må vera frivillige for barna.

11 – Vidare arbeid

6 månader etter at barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Odda 12. mars 2009

Namn på vurderarane:

Torunn Pedersen Polden
Turid Solberg Mykkeltvedt

Hospitant: Anne Line Mæland
Björg E Haukeland







Vedlegg 1

Kriterium:

Barnehagen skal gje borna høve til leik, livsutfalding og meningsfylde opplevingar og aktivitetar i trygge og samstundes utfordrande omgivnader.

Teikn på god praksis:

<i>Uteleikeplassen gjev høve til variert leik.</i>	Fortel kva de gjer på når de er ute. Kva er kjekkast? Har du nokon å leika med? Har alle nokon å leika med?
<i>Borna er ute kvar dag</i>	Er de ute kvar dag? Kven bestemmer når de skal ut? Har de alltid lyst å gå ut (viss nei) Kva seier dei vaksne då?
<i>Det er avsett tid til leik</i>	Syns de at du får leika nok i barnehagen? (viss nei) kvifor ikkje? Får de leika i fred? (viss nei) kvifor ikkje?
<i>Dei vaksne syner interesse for og er engasjert i borna sin leik.</i>	Høyrer dei vaksne på dykk? Kva gjer dei vaksne når dei er ute? Leiker dei vaksne med dykk? Dersom du treng hjelp til noko, kva gjer de då? ? Om du er lei deg då, eller har slått deg?



Kriterium:

Det dagleg samspelet i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadane for born si utvikling og læring.

Teikn på god praksis:

<i>Borna vert møtt av dei vaksne på ein positiv måte når dei kjem i barnehagen.</i>	Kva skjer når du kjem i barnehagen om morgonen? Gler du deg til å gå i barnehagen? Kva har du lyst til å gjera på når du kjem i barnehagen?
<i>Borna får ein god avskjed når dagen er slutt.</i>	Kva skjer når du skal heim? Kva snakkar dei vaksne med mamma og pappa om når du vert henta? Seier de "takkt for i dag" eller "ha det" til kvarandre når du går?
<i>Glede og humor pregar kvardagen</i>	Ler de mykje i barnehagen? Kva gjer deg glad? Tullar og tøysar dei vaksne med dykk, og kva gjer dei då?



Vedlegg 2

Dette sa foreldra

Kriterium:

Barnehagen skal gje borna høve til utvikling og aktivitet i nær forståing og samarbeid med borna sin heim.

Teikn på god praksis:

<i>Føresette deltek aktivt i planlegging og vurderinga av det pedagogiske innhaldet.</i>	Skjer dette og på kva måte?
<i>Føresette får gje ris og ros i barnehagekvardagen.</i>	Skjer dette og på kva måte?
<i>Føresette meiner at uteområdet gjev høve til variert leik.</i>	Korleis?
<i>Føresette meiner at dei vaksne engasjerar seg i leiken</i>	Skjer dette og på kva måte?
<i>Føresette meiner at borna trives når dei er ute</i>	Korleis?
<i>Borna vert møtt av dei vaksne på ein positiv måte når dei kjem i barnehagen. Borna får ein god avskjed når dagen er slutt.</i>	
Set opp punkt som de meiner Eirheimsvågen barnehage er flink til	
Set opp punkt som de meiner barnehagen kan bli flinkare til	
Set opp punkt som foreldra kan bli flinkare til	



Vedlegg 3

Dette sa personalet

Kriterium:

Barnehagen er ein lærande organisasjon.

Teikn på god praksis:	På kva måte:
<i>Personalet har god kjennskap til rammeplanen.</i>	-
<i>Barnehagen har eit felles hovudmål som personalet kjenner til.</i>	-
<i>Det er sett av tid slik at personalet saman kan reflektera og drøfta barnehagen sitt syn på læring</i>	-
<i>Det er sett av tid til jamleg refleksjon og drøfting av eigen praksis</i>	-
<i>Leiarane er ansvarlege for prioriteringar, planar og vedtak, og fylgjer dei opp</i>	-
<i>Leiarane gjev fagleg støtte og rettleiing til personalet</i>	-
<i>Barnehagen nyttar dei tilsette sin kompetanse</i>	-

Kriterium:

Barnehagen er ein felles organisasjon.

Teikn på god praksis:	På kva måte:
Heile personalgruppa er med å utforma årsplan	-
Dei ulike avdelingane fylgjer felles planar og målsetjingar	-
Personalet hjelper kvarandre på tvers av avd. og hus	-



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa for barnehage

	-
Felles aktivitetar på tvers av avdelingar og hus vert planlagt og gjennomført	-
Pedagogisk leiarar har felles møte	-
Personalet har felles møte	-
Personalet er fleksible i høve til planar	-

Kriterium:

Barnehagen skal gje borna høve til leik, livsutfalding og meningsfylde opplevingar og aktivitetar i trygge og samstundes utfordrande omgjevningar

Teikn på god praksis:

På kva måte:

<i>Uteleikeplassen gjev høve til variert leik</i>	
<i>Borna er ute kvar dag</i>	-
<i>Det er avsett tid til leik</i>	-
<i>Vaksne syner interesse for og er engasjerte i borna sin leik</i>	-
<i>Det einiskilde barn får dekkja individuelle behov</i>	-
<i>Dei vaksne gjev støtte og hjelp til barn som ikkje deltek i leik</i>	-
<i>Personalet fordelar seg på uteområdet der borna er</i>	-
<i>Personalet har felles forståing for reglar i utetida</i>	-
<i>Det vert teke individuelle omsyn innanfor reglane</i>	-
<i>Personalet nyttar aktivt dei 7 fagområda i utetida</i>	-



Kriterium:

Det daglege samspelet i barnehagen er ei av dei viktigaste føresetnadane for born si utvikling og læring.

Teikn på god praksis:	På kva måte:
<i>Borna vert møtt av dei vaksne på ein positiv måte når dei kjem i barnehagen</i>	-
<i>Borna får ein god avskjed når dagen er slutt</i>	-
<i>Borna vert sett og høyr</i>	-
<i>Glede og humor pregar kvardagen</i>	-
<i>Born og vaksne har fysisk nærleik</i>	-
<i>Borna syner glede ved å vera i barnehagen</i>	-

Kriterium:

Barnehagen skal gje borna høve til utvikling og aktivitet i nær forståing og samarbeid med borna sin heim.

Teikn på god praksis:	På kva måte:
<i>Føresette deltek aktivt i planlegging og vurdering av det pedagogiske innhaldet</i>	-
<i>Føresette får gje ris og ros i barnehagekvardagen</i>	-



Vedlegg 4

Vurderarane såg og høyrde

Kriterium:

Barnehagen skal gje borna høve til leik, livsutfolding og meningsfylde opplevingar og aktivitetar i trygge og samstundes utfordrande omgjevningar

Teikn på god praksis:

På kva måte:

<i>Uteleikeplassen gjev høve til variert leik</i>	
<i>Borna er ute kvar dag</i>	-
<i>Det er avsett tid til leik</i>	-
<i>Vaksne syner interesse og er engasjerte i borna sin leik</i>	-
<i>Det einskilde barn får dekkja individuelle behov</i>	-
<i>Dei vaksne gjev støtte og hjelp til barn som ikkje deltek i leik</i>	-
<i>Personalet fordelar seg på uteområdet der borna er</i>	-
<i>Personalet har felles forståing for reglar i utetida</i>	
<i>Det vert teke individuelle omsyn innanfor reglane</i>	
<i>Personalet nyttar aktivt dei 7 fagområda i utetida</i>	



Kriterium:

Det daglege samspelet i barnehagen er ei av dei viktigaste føresetnadane for born si utvikling og læring.

Teikn på god praksis:

På kva måte:

<i>Borna vert møtt av dei vaksne på ein positiv måte når dei kjem i barnehagen</i>	-
<i>Borna får ein god avskjed når dagen er slutt</i>	-
<i>Borna vert sett og høyrte</i>	-
<i>Glede og humor pregar kvardagen</i>	-
<i>Born og vaksne har fysisk nærleik</i>	-
<i>Borna syner glede ved å vera i barnehagen</i>	-